

# Samla saksframstilling

## Partnerskapsavtale for Sats på skulen - snu Sogn

Saksbeh.: Claus Røynesdal

Arkivsaksnr: 10/3314

Saksnr.: Utval  
27/10 Sogn regionråd

Møtedato  
22.10.2010

## Saksframlegg

Sakshandsamar: Claus Røynesdal

Arkivsaksnr.: 10/3314-1

### Partnerskapsavtale for "Sats på skulen - snu Sogn"

#### Vedtak:

Sogn regionråd godkjenner partnerskapsavtalen for "Sats på barnehagen - snu Sogn" slik den ligg føre.

#### Tilråding:

Sogn regionråd godkjenner partnerskapsavtalen for "Sats på barnehagen - snu Sogn" slik den ligg føre.

#### Vedlegg:

Framlegg til partnerskapsavtale

#### Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok i møtet den 30. april 2010 ei auka aktivitets- og ambisjonsnivå for prosjektet "Sats på skulen - snu Sogn". I tillegg til arbeidet med skuleeigarrolla, fagnettverka og utdanning av leiarer, vedtok rådet at vi i resten av prosjektperioden fram til 2012 skal ha ei tilsvarande satsing på barnehagesektoren gjennom delprosjektet "Sats på barnehagen - snu Sogn". Målsettinga om auka aktivitet på entreprenørskap kjem i tillegg til skule- og barnehagesatsinga.

Kommunane står ovanfor utfordringar i rolla som velferdsprodusentar og utviklingsaktørar. Alle utfordringar kan ikkje løysast gjennom omstilling og samarbeid mellom kommunane åleine. Nokre oppgåver bør òg løysast gjennom forpliktande samarbeid med andre aktørar som òg har samfunnsansvar. Barnehagane er ein avgjerande arena for barna si livslang læring, sosial utjamning og danning. Barnehagane er ein særskilt viktig kommunal sektor, der kommunane har mange engasjerte medarbeidarar. I statsbudsjettet for 2011 blir det peikt på tre hovudutfordringar for barnehagesektoren: høgare kvalitet, rekruttering og leiarutdanning.

Sogn regionråd er allereie i ferd med å realisere desse nasjonale målsetjingane. 30. november i haust er oppstartdato for vår leiarutdanning à 30 studiepeng. Då vil meir enn 30 motiverte styrarar og pedagogiske leiarar byrje si leiarutdanning i Sogn.

I prosjektet "Sats på barnehagen - snu Sogn" samarbeider regionrådet med Utdanningsforbundet i regionråds kommunane, Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) og NAV Arbeidslivssener Sogn og Fjordane. Ved å inngå ein partnerskapsavtale styrkjer vi det formelle samarbeidet for å nå felles regionale mål: ein kvalitativt betre barnehagesektor, med høgre trivsel og læring for barn og vaksne og lægre sjukefråvær. Ved å gjennomføre eit omfattande program med leiarutdanning, satsar vi på kvalitet i alle ledd, slik at vi kan skape eit meir inkluderande arbeidsliv - og vonaleg rekruttere og behalde fleire menn i barnehagane våre. Samarbeidet med NAV Arbeidslivssenter er unikt. Dei ynskjer òg ei bransjeretta innsats i høve barnehagesektoren, der HSF, Utdanningsforbundet og kommunane kan utfylle kvarande, slik at vi i fellesskap kan trå mot høgare mål.

Aktiviteten og dei økonomiske forpliktingane i partnerskapsavtalen er innanfor dei økonomiske rammene for prosjektet "Sats på skulen - snu Sogn", og delprosjektet "Sats på barnehagen - snu Sogn". Programstyret sender partnerskapsavtalen over til endeleg godkjenning i Sogn regionråd. Endringsframlegg og innspel frå Utdanningsforbundet, HSF og NAV Arbeidslivssenter er innarbeidd i dokumentet.

## Vedlegg

# Partnerskapsavtale for ”Sats på barnehagen - snu Sogn”

## 1. Bakgrunn for samarbeidet

Kommunane står ovanfor utfordringar i rolla som velferdsprodusentar og utviklingsaktørar. Alle utfordringar kan ikkje løysast gjennom omstilling og samarbeid mellom kommunane. Nokre oppgåver bør løysast gjennom forpliktande samarbeid med andre aktørar som òg har samfunnsansvar.

”Sats på skulen – snu Sogn” er Sogn regionråd sitt overordna skule- og samfunnsutviklingsprosjekt for perioden 2006 – 2012. Eitt av delprosjekta er ”Sats på barnehagen – snu Sogn”.

Formålet med prosjektet er i fellesskap å løyse utfordringane i Stortingsmelding 41 (2008 – 2009) *Kvalitet i barnehagen*.

## 2. Avtalepartnerar

Avtalen er tufta på eit gjensidig forpliktande samarbeid mellom Sogn regionråd med regionrådskommunane Aurland, Lærdal, Sogndal, Luster, Leikanger, Balestrand og Vik, Høgskulen i Sogn og Fjordane, NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane og Utdanningsforbundet. Partane i denne avtalen skal arbeide heilskapleg og bransjeretta for å utvikle barnehagesektoren i Sogn.

## 3. Samarbeidsområde

Kvalitet fordrar handlingskompetanse hjå barnehageeigarane, leiarar, medarbeidarar, verneombod og tillitsvalde. Partane skal samarbeide for å utvikle ein barnehagesektor med høgre kvalitet, auka jobbnærvær og meir trivsel og betra fagleg utvikling for barn og tilsette. Samarbeidet i partnerskapet skal gje synergjar ved å foreine ressursar og gje utviklingsarbeidet auka handlekraft.

Partane skal samarbeide på fylgjande område:

- A. Utvikle høgre kvalitet i barnehagane, styrkje barnehagen som læringsarena og sikre at alle barn får delta i eit inkluderande og stimulerande fellesskap.
- B. Skape eit meir inkluderande arbeidsliv, der vi styrkjer jobbnærværet, betrar arbeidsmiljøet og reduserar sjukefråværet i målbare forbetringar.
- C. Styrke barnehagesektoren som attraktiv og utfordrande arbeidsplass, der vi òg vil arbeide for å nå den nasjonale målsetjinga om minimum 20% mannlege tilsette.
- D. Utvikle kommunane i Sogn regionråd si rolle som aktive og utviklande barnehageeigarar, mellom anna gjennom eigne politisk vedtekne mål- og plandokument for sektoren.

- E. Etablere og utvikle regionale fagnettverk for å betre realisere måla i dei sju fagområda i rammeplanen.
- F. Stimulere til kreative barnehagar med fokus på nyskaping og entreprenørskap.
- G. Gjennomføre leiarutdanning à 30 studiepoeng for pedagogiske leiarar, assisterande styrarar, styrarar og leiarar på kommunenivå.

#### **4. Forpliktingar/organisering av arbeidet**

Samarbeidet skal byggje på god planlegging og ryddige avtaler frå alle partane i prosjektet. Partane skal etablere ein føremålstenlig samarbeidsstruktur. Sogn regionråd har gjennom administrasjonen og prosjektleiar ansvaret for å drive fram og koordinere dei ulike tiltaka. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ei jamleg dialog for å vidareutvikle samarbeidet.

Partane forpliktar seg til å:

- A. Sikre politisk og administrativ forankring i eigen organisasjon.
- B. Informere aktivt i alle relevante ledd i eigen organisasjon.
- C. Bringe eigne relevante satsingar inn i prosjektet.
- D. Stille til rådvelde naudsynte ressursar for å kunne gjennomføre planlagte aktiviteter.
- E. Følgje opp alle deltakarane på leiarstudiet.

#### **5. Avtaleperiode, oppseiing og evaluering**

Avtalen gjeld frå 1. november 2010 til 31. desember 2012. Kvar av partane kan seie opp avtalen med seks månaders varsel. Partane skal kvart år ha eit fellesmøte, der vi evaluerer formål, tiltak, resultat og eventuelt justerer partnerskapsavtalen.

Stad/ dato

Torodd Urnes  
Ordførar i Luster  
Leiar Sogn regionråd

Åse Løkeland  
Rektor  
Høgskulen i Sogn og Fjordane

Tove Rygg  
Avdelingsdirektør  
NAV Arbeidslivssenter Sogn og Fjordane

Anne Siri Bentsen  
HTV for Utdanningsforbundet  
i region Sogn